



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Alle på adresselista

Vår dato: **22 JUN 2011**
Vår ref.: 200802184-5 ki/kima
Arkiv: 312 / 038.1Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kirsten Marthinsen
22 95 92 34

Borgånå kraft AS – Søknad om løyve til å byggje Borgånå kraftverk i Suldal kommune, Rogaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Borgånå kraft AS, datert 10.6.2011, om løyve til å byggje Borgånå kraftverk i Suldal kommune.

Tiltaket er planlagt vest på Ropeidhalvøya, mellom kote 353 og kote 3. Inntaket er planlagt like nedstraums Vikastølsvatnet. Dammen vert om lag 2,5 meter høg og 9 meter bred, og høgaste vasstand i dammen vil vere 0,3 meter under Vikastølsvatnets lågaste vasstand. Røyrkata vert om lag 800 meter lang. Den er planlagt delvis nedgrave og delvis klamra til fjell. Kraftstasjonen vert plassert ved fjorden ved Djupevik. Det vert trong for å byggje 60 meter tilkomstveg til stasjonen, samt om lag 110 meter veg til inntaket. Ein treng òg om lag 150 meter mellombels veg langs røyrkata. Elles vert eksisterande vegar nytta. Nettilknytning vert ved eksisterande 22-kV-nett 80 meter frå kraftstasjonen. Middelvassføringa er på 330 l/s og kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 490 l/s. Med ein installert effekt på 1,37 MW vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 5,1 GWh. Søkjar planlegg å sleppe ei minstevassføring på 20 l/s, tilsvarende alminnelig lågvassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Borgånå kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgave av søknaden, kan de kontakte Per Torbjørn Espedal på tlf. 51 97 78 50 eller e-post: te@ryfylkeenergi.no.

NVE ber Suldal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kommunehuset i Suldal fram til **29.8.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG


Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR


NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **29.8.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Kirsten Marthinsen
Kirsten Marthinsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark om sakshandsaming
 Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Borgånå kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Suldalsposten og Stavanger Aftenblad

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Suldal kommune, Eidsvegen 7 , 4230 SAND
	Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
	Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4001 STAVANGER
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Suldal v/Jarle Lunde Kvilhaug, 4230 SAND
	Suldal Jakt og Fiskelag, Postboks 10, 4230 SAND
	Sunnhordland Kraftlag AS, Postboks 24, 5401 STORD
	Suldal Elverk KF, Postboks 134, 4239 SAND
	Ryfylke Friluftsråd, Gamle Jåttåvågen 67, 4020 STAVANGER
	FNF- Rogaland v/Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 441, 4002 STAVANGER
	Stavanger Turistforening, Postboks 239, 4001 STAVANGER
	Kystverket Vest, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND
	Borgånå Kraft AS v/Ole Johan Østebø, Vormestrand, 4235 HEBNES
1	KM – Ivar Sægrov
1	KD – Karen Marie Straume
1	ER – Kjell Erik Stensby

- KUNNGJERING -

Borgåna Kraft AS – Søknad om løyve til å byggje Borgåna kraftverk i Borgåna i Suldal kommune

NVE har motteke ein søknad frå Borgåna Kraft AS om løyve til å byggje Borgåna kraftverk i Suldal kommune.

Tiltaket er planlagd vest på Ropeidhalvøya, mellom kote 353 og kote 3. Inntaket er planlagd like nedstraums Vikastølsvatnet. Dammen vert om lag 2,5 meter høg og 9 meter bred, og høgaste vasstand i dammen vil vere 0,3 meter under Vikastølsvatnets lågaste vasstand. Røyrkata vert om lag 800 meter lang. Den er planlagd delvis nedgrave og delvis klamra til fjell. Kraftstasjonen vert plassert ved fjorden ved Djupevik. Det vert trong for å byggje til saman om lag 170 meter permanent veg. Ein treng òg om lag 150 meter mellombels veg langs røyrkata. Elles vert eksisterande vegar nytta. Nettilknytning vert ved eksisterande 22-kV-nett 80 meter frå kraftstasjonen. Middelvassføringa er på 330 l/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 490 l/s. Med ein installert effekt på 1,37 MW vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 5,1 GWh. Søkjar planlegg å sleppe ei minstevassføring på 20 l/s, tilsvarande alminnelig lågvassføring.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på kommunehuset i Suldal og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Per Torbjørn Espedal på tlf.: 51 97 78 50 eller e-post: te@ryfylkeenergi.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **29.8.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjevne av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentliggjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspent overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspantanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgevinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.